

## Referat frå møte nr. 70, 13. april

**Dato:** 26. april 2016

**Til stades:**

**Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar  
**Pål Iden**, Helse Vest RHF  
**Alf Henrik Andreassen**, Helse Bergen HF  
**Haldis Økland Lier**, Helse Fonna HF  
**Marit Solheim**, Helse Førde HF  
**Stein Tore Nilsen**, Helse Stavanger HF  
**Jarle Eid**, Universitetet i Bergen  
**Nina Langeland**, Universitetet i Bergen  
**Kjell Bernstrøm**, Universitetet i Bergen  
**Anne Kari Hersvik Aarstad**, observatør, høgskulane i regionen  
**Frøydis Bruvik**, observatør, Dei private, ideelle institusjonar  
**Bjørn Tore Gjertsen**, Helse Bergen HF (til stade under sak 18/2016)

**Forfall:**

**Pål Berger**, brukarrepresentant  
**Jan Petter Larsen**, Universitetet i Stavanger  
**Jannikke Ludt**, observatør, Noregs forskingsråd  
**Eyvind Rødahl**, Universitetet i Bergen  
**Gunnar Mellgren**, Helse Bergen HF  
**Dag Rune Olsen**, Universitetet i Bergen

**Sekretariatet:**

**Ernst Omenaas**  
**Sølvi Lerfald**  
**Ingrid Kalsnes** (referent)

Saksnr.	Sak
<b>Sak 12/2016</b>	<b>Godkjenning av saksliste og referat</b>
Vedtakssak	
	Innkalling til møte 13. april 2016 vart godkjent. Referat frå møte 25. februar 2016 vart godkjent. Ingen saker vart meldt til eventuelt.
<b>Sak 13/2016</b>	<b>Program for forskingskonferansen</b>
Vedtakssak	
	Utkast til program for Helse Vest sin forskingskonferanse i 2016 blei drøfta på møte i samarbeidsorganet i februar (sak 08/2016). På bakgrunn av innspela som blei gitt har sekretariatet utarbeida endeleg program, og innleggshalderane er førespurt. Det kom på møtet i april forslag til kunstnarisk innslag, men dette er allereie booka for årets konferanse.
	Vedtak:
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek programmet for</i></li> </ul>

	<i>forskingskonferansen i 2016.</i>
<b>Sak 14/2016</b>	<b>Habilitering og rehabilitering: Behov for å styrke kompetansen og auke forskingsaktiviteten</b>
Orientering og diskusjon	
	<p>Plan for habilitering og rehabilitering vart vedtatt av styret i Helse Vest 10. november 2015. Planen skisserer hovudmål for spesialisert habilitering og rehabilitering i Helse Vest i planperioden 2016-2020, og inneheld tiltak på fleire område, inkl. forsking og kunnskapsutvikling. Helse Vest ber samarbeidsorganet drøfte korleis behova og tiltaka innan forsking og innovasjon kan møtast.</p> <p>Frå diskusjonen på møtet vart mellom anna følgjande trekt fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Habilitering og rehabilitering er eit uoversiktleg felt, men av høg nytteverdi for pasienten og helsetenesta.</li> <li>• Forskingsmiljøa er små, og det er lite vitskapeleg kompetanse på desse områda. Det er viktig at forskingsmiljøa snakkar saman og koplar seg på sterke samarbeidspartnarar.</li> <li>• Samarbeidsorganet var samde om at utlysing av midlar til forprosjekt kan vere eit aktuelt tiltak for å styrke kompetansen og auke forskingsaktiviteten. Det er ikkje ønskjeleg å øyremerke av dei frie, søkbare midlane til eit slikt formål, tiltaket må eventuelt innrettast som ei strategisk satsing med ein opptrappingsplan.</li> <li>• Mykje av aktiviteten føregår i private, ideelle institusjonar og i samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.</li> </ul> <p>Samarbeidsorganet var positive til at årets utlysing av midlar til samhandlingsforsking (kr. 3 mill. årleg) kan fokusere på habilitering og rehabilitering.</p> <p>Sekretariatet kjem tilbake med eit forslag til utlysing av samhandlingsmidlar på eit seinare møte.</p>
<b>Sak 15/2016</b>	<b>Rapport frå arbeidsgruppe – nytte i helseforsking</b>
Orientering og diskusjon	
	<p>Dei fire regionale helseføretaka blei gjennom oppdragsdokumentet for 2015 frå Helse- og omsorgsdepartementet bedt om å utarbeide felles retningslinjer for korleis prosjektsøknadar skal beskrive forventa nytte for pasienten og tenesta, og korleis ny kunnskap kan takast i bruk i tenesta. Ei arbeidsgruppe nedsett av RHF-a si strategigruppe for forsking har utarbeida forslag til kriterium i ein rapport som vart framlagt for samarbeidsorganet. Endeleg versjon av rapporten skal forankrast i AD-møtet i løpet av våren, men det er ikkje venta at det kjem store endringar. Gruppa har både utarbeida forslag til felles nyttekriterium og felles kvalitetskriterium, sjølv om sistnemnte ikkje inngikk i gruppa sitt mandat. Samarbeidsorganet diskuterte forslaget frå gruppa. På møtet vart det mellom anna peikt på at det er viktig å avklare korleis vurderingskomiteane skal gradere kriteria, og at nytte og kvalitet vert likeverdige vurderingskriterium. Det vart også trekt fram at det er ønskjeleg å legge inn regionalt samarbeid i tillegg til nytte og kvalitet, vertfall når det gjeld dei større, fleirårige prosjekta.</p> <p>Samarbeidsorganet konkluderte med at det er ønskjeleg at dei føreslegne kriteria frå gruppa blir lagt til grunn for årets utlysing, så lenge regionale behov kan leggast til.</p>

	Sekretariatet tek med seg innspela frå møtet i arbeidet med praktisk handtering og utforming av kriterium til årets utlysingsprosess. Forslag til kriterium, retningslinjer og utlysingstekst blir lagt fram på junimøtet.
<b>Sak 16/2016</b>	<b>Tilsetjing av stipendiatar - revisjon</b>
Orientering og diskusjon	
	Baard-Christian Schem orienterte om planlagt revisjon ut i frå utsendte saksdokument. Ved tildeling av doktorgrads- og postdoktorstipend frå Helse Vest skal stipendiaten tilsetjast ved helseføretaket søkeren kjem frå (søkarinstitusjon). Helse Vest ønskjer no å få oversikt over i kva grad tilsetjingsvilkåret vert oppfylt. Saka vart lagt fram for samarbeidsorganet for å få innspel frå universiteta på prosessen, jf. dei store grenseflatene og samarbeidet på dette området.
<b>Sak 17/2016</b>	<b>Samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskulane</b>
Orientering og diskusjon	
	Haldis Ø. Lier og Marit Solheim gav ei orientering om arbeidet i samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskulane, der førstnemnte er oppnemnt som observatør frå samarbeidsorganet med universiteta. Frå presentasjonen vart det peikt på at samarbeidsorganet med høgskulane har hatt mest fokus på utdanning med praksisopplæring, men også forsking gjennom den helsefaglege forskingssatsinga. Behov for kompetanse i grunn- og vidareutdanning, praksisplassar, samarbeidsmidlar, forskarline for helse- og sosialfag, fusjonar innan universitet/høgskule og mandat og organisering av samarbeidsorgan blei nemnt som aktuelle saker som er behandla i samarbeidsorganet med høgskulane.  O-sak 4 (sak 19/2016) vart flytt fram då ein allereie var inne på tematikken. Baard-Christian Schem orienterte om at institusjonane har gitt innspel på struktur av samarbeidsorgana, og at saka skal handsamast som vedtakssak i styret i Helse Vest. Det vart peikt på at utdanningsstida truleg vil bli betydeleg tyngre i framtida, og at samspelet mellom RHF, universitet og høgskular må bli større uansett om man har eitt eller to samarbeidsorgan.
<b>Sak 18/2016</b>	<b>Persontilpassa kreftbehandling – biomarkørar og kliniske studiar</b>
Orientering og diskusjon	
	Det regionale samarbeidsorganet tildelte i 2014 midlar til ei 5-årig strategisk satsing på persontilpassa kreftbehandling. Prosjektleiar for satsinga, Bjørn Tore Gjertsen, gav ei orientering om status og dei ulike arbeidspakkane som inngår i satsinga. Fleire av medlemmene i samarbeidsorganet peikte på at det regionale aspektet i satsinga har blitt ivaretatt på ein god måte.
<b>Sak 19/2016</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Presentasjon av nyttilsett fagdirektør i Helse Vest, Pål Iden.</li> <li>2. Status for forskingsstrategien. Baard-Christian Schem orienterte om at saka har vore handsama i direktørsmøtet, og at endeleg strategi skal forankrast i Helse Vest sitt styre.</li> <li>3. Regionalt strategisk forskingsprogram. Ernst Omenaa orienterte om sonderingar mellom Helse Vest og Bergen forskingsstiftelse om eit mogeleg regionalt forskingsprogram. Som det vart orientert om på regionalt</li> </ol>

	<p>forskningsadministrativt nettverksmøte i Bergen 16. mars d.å. er det ønskjeleg at helseføretaka melder tilbake til Helse Vest om mogelege tema som kan inngå i eit slikt program. Innspelsfristen var i utgangspunktet sett til 1. mai, men kan utsetjast ved behov.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>4. Status for mandat og organisering av samarbeidsorgan. Sjå sak 17/2016.</li> <li>5. Fellesrapporten for forsking og innovasjon.</li> <li>6. Elektronisk datahandteringsverktøy i kliniske multisenterstudiar.</li> <li>7. Brev frå HOD til Vestre Viken om kreftforskning på barn.</li> <li>8. Brev frå HOD om medlemskap i ECRIN-ERIC.</li> </ul>
<p><b>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 16. juni 2016 på <a href="#">Clarion Hotel Bergen Airport</a>, kl. 10.30 – 14.30</b></p>	